



## Innkalling for Valstyret

**Møtedato:** 01.06.2017  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 09.00

### Saksliste:

Saksnr	Tittel
011/2017	Godkjenning av innkalling og saksliste
012/2017	Godkjenning av møtebok
013/2017	Meldingar og referatsaker
014/2017	Manntal til offentleg ettersyn
015/2017	Tid og stad for førehandsrøysting
016/2017	Val av førehandsrøystemottakarar under Stortings- og Sametingsvalet 2017
017/2017	Ny oppnemning i røystestyra - Hordabø, Austebygd og Manger
018/2017	ROS-analyse for same- og stortingsvalet 2017

Den som har lovleg forfall eller er ugild i nokon av sakene må melda i frå til kultur- og sørvistorget så snart som råd, tlf 56 34 90 00. Varamedlemmer møter etter nærare innkalling.

29. juni 2017

Jon Askeland  
møteleiar

Monika Soltveit Gabrielli  
utvalssekretær

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
011/2017	Valstyret	PS	01.06.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Monika Soltveit Gabrielli	17/1054	17/6595

### Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksopplysingar:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
012/2017	Valstyret	PS	01.06.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Monika Soltveit Gabrielli	17/1054	17/6596

### Godkjenning av møtebok

#### Saksopplysingar:

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend

#### Vedlegg:

Møtebok - Valstyret - 04.05.2017

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
013/2017	Valstyret	PS	01.06.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Monika Soltveit Gabrielli	17/1054	17/6597

### Meldingar og referatsaker

Saksopplysingar:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
014/2017	Valstyret	PS	01.06.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Monika Soltveit Gabrielli	16/850	17/6301

### Manntal til offentlig ettersyn

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Ifølgje vallova § 2-6 skal valstyret leggje manntal ut til offentlig ettersyn så snart det let seg gjere. Manntalet skal liggja ute t.o.m valdagen. Valstyret kunngjer tid og stad for utlegginga og opplyser også om høvet til og framgangsmåten for å krevja feil retta.

Valstyret kan oppdatera manntalet så lenge det er praktisk mogleg.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Manntalet for Radøy kommune vert lagt ut til offentlig ettersyn i rådhuset og på Radøy bibliotek så snart det let seg gjera og fram til valdagen.

Tid og stad for utlegginga av manntalet og opplysningar om høve til retting, vert kunngjort i lokalavisa og på kommunen sine nettside og facebookside.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
015/2017	Valstyret	PS	01.06.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Monika Soltveit Gabrielli	16/850	17/6289

### Tid og stad for førehandsrøysting

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

I følgje vallova § 8-3 skal førehandsrøystegjevinga føregå i eigna lokale, hjå røystemottakar oppnemnd av valstyret på

- helse- og sosialinstitusjonar
- der valstyret elles bestemmer at det skal mottakast førehandsrøyster

Veljarar som ønskjer det, kan førehandsrøysta frå 10. august i valåret innanriks og frå 1. juli utanriks. Frå 1. juli er det opna for tidleg røystegjeving innanriks for dei som ikkje har høve til å røyste i tida frå 10. august til 8. september. Førehandsrøystinga må ikkje føregå seinare enn siste fredag før valdagen, dvs. fredag 8. september i 2017.

Det administrative valsystemet og valkorta vil ikkje verte tilgjengeleg for kommunane før i slutten av juli.

I perioden 1. juli til 9. august vert det lagt opp til tidleg førehandsrøysting på kultur- og sørvistorget. Kommunen skal ta imot og oppbevara røyster i konvolutt på rådhuset. Det er ikkje krav om å organisera som til eit førehandsrøystelokale.

Valstyret vedtek opningstidene i mottaka, men lova byggjer på ein føresetnad om at det i heile perioden skal vera mogleg å førehandsrøysta minst ein stad. Dette gjeld likevel berre på vanlege arbeidsdagar.

Det er krav til at det alltid skal vere to valmedarbeidarar som tek imot røystene i eit førehandsrøystelokale.

Det er ei generell trend i Norge at fleire og fleire førehandsrøyster og valstyret bør vurdere tiltak for å nå veljarane.

I 2015 vart opningstida ved kultur- og sørvistorget utvida tysdag til fredag siste veka før valet.

For å nå ut til veljarane foreslår rådmannen framleis å bruka biblioteket sine lokalet til

førehandsrøysting dei (ein eller to) nest siste laurdagane før valet. Vallokalet vil bli bemanna av ein tilsett frå kultur- og sørvistorget og ein bibliotekar.

#### **Røysting ved helse- og sosialinstitusjonar**

Ved tidlegare val har det vore høve til røysting på Velferdssenteret/omsorgsbustadene ein dag den siste veka før valdagen. Dette har fungert på ein grei måte. Det skal også gjevast høve til røysting ved Radøy Interkommunale Busenter (RIB).

#### **Ambulerande røystegjeving/heimerøysting**

Veljarar som oppheld seg innanriks og som på grunn av sjukdom eller nedsett funksjonsevne ikkje kan røysta der det vert halde førehandsrøysting, kan etter søknad til valstyret førehandsrøysta der dei oppheld seg.

Valstyret fastset fristen for når søknaden må vera komen inn til kommunen. Søknadsfristen skal fastsetjast til eit tidspunkt mellom tysdag og fredag den siste veka før valet. Lova inneheld ingen formelle krav til søknaden, og det er t.d. ikkje noko krav at søknaden skal vera skriftleg. Ordninga med ambulerande røysting må kunngjerast i god tid før fristen.

Valstyret skal kunngjera tid og stad for all førehandsrøysting innanfor kommunen – også førehandsrøysting på institusjonar.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Førehandsrøystinga i Radøy kommune vert lagt til kultur- og sørvistorget i rådhuset i tida 10. august til 8. september 2017 i den vanlege opningstida 8.30-15.00.
2. Det vert utvida opningstider på kultur- og sørvistorget tysdag, onsdag, torsdag og fredag siste veka før valdagen frå 15.00-19.00.
3. Det vert førehandsrøysting for veljarar på Radøy bibliotek laurdag 26.08 og laurdag 2.9 frå kl 11.00-15.00.
4. Det vert førehandsrøysting ved Velferdssenteret/omsorgsbustadene og Radøy interkommunale busenter (RIB) onsdag 6. september.
5. Søknadsfrist for ambulerande røysting vert sett til onsdag 6. september kl. 15.00.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
016/2017	Valstyret	PS	01.06.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Monika Soltveit Gabrielli	16/850	17/6524

### Val av førehandsrøystemottakarar under Stortings- og Sametingsvalet 2017

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

I følgje vallova § 8-2 første ledd bokstav a skal valstyret oppnemna røystemottakarane innanriks.

Valstyret må nemna opp så mange røystemottakarar som er nødvendig for å gjennomføra førehandsrøystinga på ein tilfredsstillande måte. Det er valstyret sitt ansvar å sørgja for at røystemottakarane får den nødvendige oppløringa. Røystemottakarane må setja seg grundig inn i reglane for førehandsrøystinga.

Førehandsrøystinga vil i hovudsak skje på kultur- og sørvistorget. Tidleg førehandsrøysting er frå 1. juli - 9. august og ordinær førehandsrøysting er i perioden 10. august til 8. september. Det er eit krav om at det alltid er to tilstades for å motta ei stemme. Det er naturleg at tilsette og vikarar ved kultur- og sørvistorget fungerer som førehandsrøystemottakarar i denne tida.

Dersom valstyret ønskjer det, vert det også førehandsrøysting på biblioteket nokre dagar like før valet. Då vert det to tilsette frå kultur- og sørvistorget som tek imot førehandsrøyster.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Følgjande personar vert utnemnd som førehandsrøystemottakarar i Radøy kommune under Stortings- og Sametingsvalet i 2017:

Stine Pedersen Sylta  
Eli Morken  
Anne Dahle Austrheim  
Ingunn Øwre



Bente Kopperdal Hervik  
Arthur Kleiveland  
Jan Torry Sande

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
017/2017	Valstyret	PS	01.06.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Monika Soltveit Gabrielli	17/383	17/6594

### Ny oppnemning i røystestyra - Hordabø, Austebygd og Manger

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Sjå vedlegg med saksframlegg og vedtak frå møtet i valstyret 16.3.2013.

Det er trong for oppnemning av eitt nye medlemmar i røystestyra i Hordabø, Austebygd og Manger.

#### Austebygd

Valde stemmestyremedlem Asgeir Mjøs flyttar frå Radøy kommune før valet. Dermed må det veljast ein ny i hans stad.

#### Hordabø og Manger

Dei tre valde representantane i røystestyret i Hordabø er alle kvinner. I følge valhandboka kap 3.1.2 er stemmestyra faste utval og dermed vil val av stemmestyra hamna innanfor krava til kjønnsmessig representasjon i kommunelovens §§ 36, 37 og 38a. I røystestyret på Manger er det to menn og ei kvinne. Dersom ein byter ut ein mann i røystestyret på Manger med ei kvinne røystestyret på Hordabø vert det ein mann og to kvinner på kvar stad og ein vil innfri krava til til kjønnsmessig representasjon.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I Austebygd valkrins vert Geir Olav Repål vald som representant i røystestyret og Asgeir Mjøs går ut. I Hordabø valkrins vert Jo Tømmerbakke vald som representant i røystestyret og Bergfrid Tjore går ut. I Manger valkrins vert Bergfrid Tjore vald som representant i røystestyre og Jo Tømmerbakke går ut.

**Vedlegg:**

Val av stemmestyre og stemmemottakarar - stortingsvalet 2017

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
018/2017	Valstyret	PS	01.06.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Monika Soltveit Gabrielli	16/850	17/6891

### ROS-analyse for same- og stortingsvalet 2017

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Prosjektgruppa for val 2017 legg fram forslag til ROS-analyse av dei situasjonar ein ser for seg kan oppstå under førehandsrøysting og røystinga på valdagen i Radøy.

Valstyret får analysen framlagt for godkjenning.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

ROS-analysen vert godkjent slik den ligg føre.

#### Vedlegg:

ROS\_2017